



Innkalling av Valstyret

Møtedato: 12.05.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 09:00 - 10:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
008/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/21	Godkjenning av møteprotokoll
010/21	Mottak av førehandsrøyster, Stortings- og Sametingsvalet 2021

5. mai 2021

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 05.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/21	Valstyret	12.05.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 29.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/21	Valstyret	12.05.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

23.04.2021 Protokoll - Valstyret - 22.04.2021

1547735



Møteprotokoll for Valstyret

Møtedato: 22.04.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 09:00 - 09:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Øyvind Oddekvalv	AP	Varaordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Nina Bognøy	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Morten Klementsén	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Nils Marton Aadland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
005/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/21	Godkjenning av møteprotokoll
007/21	Mottak av førehandsrøyster for stortings- og sametingsvalet 2021

005/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valstyret 22.04.2021:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

VAL- 005/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

006/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Valstyret 22.04.2021:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

VAL- 006/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

007/21: Mottak av førehandsrøyster for stortings- og sametingsvalet 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I tida 10.august til og med 10.september 2021 vert det mottak av førehandsrøyster på fylgjande stader:

- Kommunehuset Frekhaug
- Kommunehuset Manger
- Innbyggjarservice i Knarvik senter

Mottak av førehandsrøyster vert på fylgjande institusjonar:

Velferdssenteret/omsorgsbustadene og Radøy interkommunale busenter (RIB)
Meland sjukeheim
Lindås- bu og service
Knarvik sjukeheim
Ostertunet

Søknad om førehandsrøysting der ein bur må vera valstyret i hende innan 8.september. Tid og stad for førehandsrøyster vert kunngjort i begge lokalavisane og på heimesida til Alver kommune.

Valstyret 22.04.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:

Saka vert utsett til nytt møte i valstyret 06.05.2021

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VAL- 007/21 Vedtak:

Saka vert utsett til nytt møte i valstyret 06.05.2021

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/21	Valstyret	12.05.2021

Mottak av førehandsrøyster, Stortings- og Sametingsvalet 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I tida 10.august til og med 10.september 2021 vert det mottak av førehandsrøyster på følgjande stader:

Kommunehuset Frekhaug

Måndag-onsdag og fredag kl. 09:00 - 15:30
Tordag kl. 11:00 – 18:00
Laurdag 28.08 og 04.09 kl. 10:00 – 15:00

Kommunehuset Manger

Måndag-onsdag og fredag kl. 09:00 - 15:30
Torsdag kl. 11:00 – 18:00
Laurdag 28.08 og 04.09 kl. 10:00 – 15:00

Innbyggjarservice i Knarvik senter

Måndag-onsdag og fredag kl. 09:00 - 15:30
Torsdag kl. 11:00 – 18:00
Laurdag 28.08 og 04.09 kl. 10:00 – 15:00

Nærsentra:

Lindås, Lindåshallen ved biblioteket, kvar måndag kl. 12:00 – 19:00
Vikebø, ungdomshuset UL Framsteg, kvar tysdag kl. 12:00 – 18:00
Bøvågen, Bø barnehage, kvar onsdag kl. 12:00 – 18:00
Ostereidet, Ostereidet senter, kvar torsdag frå kl. 12:00 – 18:00

Mottak av førehandsrøyster vert på følgjande institusjonar:

Velferdssenteret/omsorgsbustadene og Radøy interkommunale busenter (RIB)
Meland sjukeheim
Lindås- bu og service
Knarvik sjukeheim
Ostertunet

Søknad om førehandsrøysting der ein bur må vera valstyret i hende innan 8.september. Tid og stad for førehandsrøyster vert kunngjort i begge lokalavisane og på heimesida til Alver kommune.

Det vert tidlegrøysting hos innbyggjarservice i Knarvik senter.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i valstyret

Bakgrunn

Valstyret gjorde vedtak om utsetting av sak, mottak av førehandsrøyster, i møte 22.04.2021. Det skal vurderast mottak av førehandsrøyster i lokalsentra, opningstider av vallokala og økonomi.

Ved kommune- og fylkestingsvalet i 2019 var det mottak av førehandsrøyster på rådhuset i Knarvik, biblioteket i Knarvik, biblioteket på Lindås, kommunehuset på Frekhaug og kommunehuset på Manger.

Innbyggjarservice er no flytta til Knarvik senter, det er ikkje kundemottak på rådhuset i Knarvik.

Innbyggjarservice og biblioteket ligg i same bygg i Knarvik senter. Innbyggjarservice er mest eigna til røystemottak med tanke på smittevern.

Kommunehusa på Frekhaug og Manger tilretteleggast som røystemottak som ved tidlegare val.

Dei andre lokalsentra er Vikebø, Bøvågen og Ostereidet.

Det har ikkje vore mottak av førehandsrøyster her, men dette kan leggast til rette for ein dag i veka.

På Lindås kan ein leggja til rette røystelokale i Lindåshallen, ved inngang til biblioteket. Lindås, Lindåshallen ved biblioteket. Dei har ope kvar måndag frå kl. 12-19.

På Vikebø kan lokala til UL Framsteg leigast, evt.eit rom i Rossland skule.

I Bøvågen er Bø barnehage positiv til at "allrom" kan nyttast til røystelokale. Her er det eigen inngang så veljarane ikkje treng å gå inn der borna er. Hordabø skule kan vera eit anna alternativ.

På Ostereidet er Ostereide senter positiv til å leiga ut lokale til førehandsrøysting. Dette ligg sentralt til for veljarane.

Det må vera to røystemottakarar tilstade ved førehandsrøystinga. Dette kjem i tillegg til røystemottakarar ved dei faste stadane.

Det skal og vera mogeleg å førehandsrøyste ved helse- og sosialinstitusjonane.

Ved kommunestyret- og fylkestingsvalet 2019 var det desse lokala:

- Velferdssenteret/omsorgsbustadene og Radøy interkommunale busenter (RIB)
- Meland sjukeheim
- Lindås- bu og servicesenter
- Knarvik sjukeheim
- Ostertunet

Det kan og verta tatt imot førehandsrøyster heime hjå personar som bur i trygde eller omsorgsbustad som har tilknytning til institusjonane. Tilsette og besøkande kan og førehandsrøyste her dersom dei ynskjer det og smittesituasjonen tillet det.

Veljare som grunna sjukdom eller uførleik ikkje kan røysta etter §8-3 pkt 2 kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei bur. Søknad må sendast valstyret innan den frist dei har bestemt innafor perioden mellom tysdag og fredag siste veka før valet.

Det er vedteke midlertidig endring i vallova og kommunelova for å sikre gjennomføring av val på ein trygg og god måte uavhengig av pandemisituasjonen i 2021.

- Veljarar som er i isolasjon grunna covid-19, skal røyste heimefrå. Søknadsfrist fram til kl. 10:00 på valdagen.
- Veljarar som er i karantene skal få tilbod om å røyste i eiga lokale eller heimefrå.
- Ved et lokalt smitteutbrot kan kommunen, den siste helgen før valet, gjera vedtak om å

ta imot røyster heima hos velgjarane.

Etter endring i vallova i mai 2009 vert det og opna for at det skal vera mogeleg og førehandsrøysta allereie frå 1. juli. Dette er meint som eit tilbod til veljarane som verken kan røysta ved den ordinære førehandsrøystingsperioden eller på valdagen. Veljarane må då henvenda seg til kommunen og gjera avtale om tid og stad for førehandsrøystinga. Det vert lagt til rette for tidlegrøysting på innbyggjarservice I Knarvik senter.

Økonomi:

I budsjettet er det lagt inn kr. 590 000 knytt til val 2021.

Etter vallova § 15-9 dekker statskassen utgiftane ved stortingsval. Dette vert gjort gjennom inntektssystemet, den enkelte kommune får ikkje refundert utgiftane etter faste satsar, men eit beløp vert fordelt mellom kommunane og fylkeskommunane etter kostnadsnøkkelen i inntektssystemet for kommunane og fylkeskommunane.

Arbeidsgruppa, som har lagt fram framlegg om midlertidige endringar I vallova og kommunelova I samband med covid-19, og KS skal kartlegge dei økonomiske konsekvensane av covid-19 situasjonen for kommunesektoren. Dei vil utarbeide anslag for dei økonomiske konsekvensane for kommunane av valgjennomføring under ein pandemi, og spørsmål om kompensasjon vil verta vurdert i forlenginga av dette.